

# TRUA!

Artar som står i fare for å døy ut frå norsk natur blir kalla trua artar. I Noreg er 285 artar av planter og dyr kritisk trua og kan forsvinne i løpet av ti år.



Songlærke. Nær trua. Foto: Roy Mæland/Norsk Raudliste-kommisjon

Skjeland-Sárbar. Foto: Roy Mæland/Norsk Raudliste-kommisjon




Svarthalespove. Sterkt trua. Foto: Roy Mæland/Norsk Raudliste-kommisjon



Myrflangre. Sterkt trua. Foto: Roy Mæland/Norsk Raudliste-kommisjon

Soleigro. Sterkt trua. Foto: Hildegunn H. Høiland

Nikkrebrensle. Sárbar. Foto: Roy Mæland/Norsk Raudliste-kommisjon



Svalestjert. Ikke på raudlistet, men markert tilbakegang i Rogaland. Foto: Roy Mæland/Norsk Raudliste-kommisjon

Sukkertare. Nær trua. Foto: Inger-Lise Lillehaugen



Ålefiske. Kritisk trua. Foto: Roy Mæland/Norsk Raudliste-kommisjon



7

Helseattesten til norsk natur heiter Norsk Raudliste. I gjeldande raudliste frå 2006 vurderte eksportane tilstanden til 18 500 artar i norsk flora og fauna. Omlag 20 prosent av artane blei ført opp i raudlista. Av desse blir 1988 artar rekna som trua. Nasjonal raudliste skal oppdaterast i 2010.

Arealendringar, det vil seie utbygging, grøfting, drenering, deponering og masseuttak, er den største trugselen mot biologisk mangfald og såleis også den viktigaste årsaken til at artar kjem på raudlista. Med denne kunnskapen har vi høve til å forvalte naturmiljøet betre slik at færre artar kjem på raudlista.

I Rogaland står 507 artar ført opp på den nasjonale raudlistet. Mesten halvparten lever i jordbrukslandskapet og i våtmarkene. Det gjeld mellom anna åkerrikse, ål og karplanta østersjøsøte som alle er rekna som kritisk trua. På raudlistet står også kjende og kjære artar frå Jæren som vipe, stare, storuspove, makrellterne, songlerke og karplantene soleigro, klokkesøte og solblom.

Nokre sentrale raudlistekategoriar:

- **Kritisk trua**  
Arten har **ekstremt høg** risiko for utdøyning.
- **Sterkt trua**  
Arten har **særs** høg risiko for utdøyning.
- **Sárbar**  
Arten har **høg** risiko for utdøyning.
- **Nær trua**  
Arten tilfredsstiller ikkje nokre av kriteria ovanfor, men er nære ved å tilfredsstille nokre av desse kriteria nå eller i nær framtid.

## Visste du at...

...svarthalespove

(*Limosa limosa*) første gong blei funne hekkande på Jæren i 1969?

... ålefiske i vassdrag blei forbode i fjor og forbode i sjø frå 1. juli 2010?

... myrflangre og 69 andre artar av karplanter, mosar og virvellause dyr er varig freda ved lov?

... bestanden av sukkertare langs kysten av Vestlandet har gått tilbake med 40 prosent?